



Husnes kyrkjekontor

Postboks 193

5480 HUSNES

Tlf.: 53 48 27 40 - Fax: 53 48 27 18

Sokneprest Jan Ove Totland - direkte innvalg: 53 48 27 43

Juni 2010

Kjære 8. klassing og foreldre/føresetter!

Invitasjon til konfirmantåret 2010/2011

For nokre veker sidan fekk du eit hefte i posten som heiter **Konfirmant 2011**. Dette heftet handlar om å vera konfirmant.

No vil kyrkjelyden din invitere deg til å verta med oss i konfirmasjonstida 2010/2011.

Konfirmasjonstida er ein viktig del av dåpsopplæringa i kyrkja vår, så vi reknar med at de som er døypte og medlem av Den Norske Kyrkja vert med på konfirmasjonsopplegget. Skulle nokon likevel finna ut at dei ikkje ynskjer å vera med på konfirmasjonsdagen, kan vi koma tilbake til det seinare. Også om du ikkje er døypt er du velkomen til å delta i konfirmasjonstida. Ynskjer du så å bli døypt i løpet av konfirmantåret, kan du ta det opp med presten. Konfirmasjonsdagen er for dei som er døypte.

Konfirmasjonstida i Husnes og Holmedal sokn og Uskedalen sokn har fylgjande opplegg:

- Bli-kjent-dag for alle konfirmantane med undervisning, sosialt program og matøkt.
- 8 gudstenester, inkludert presentasjonsgudsteneste, lysmesse, samtalegudsteneste og konfirmasjonsgudsteneste.
- Undervisning.
- Weekend til Brandøy (evt. ei kveldssamling for dei som ikkje har høve til å vera med.)
- Tenesteoppgåve med innsamling til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.
- Miljøtiltak som turnering i innebandy m.m (hobbyklubben i Uskedalen).

Vi ynskjer at konfirmasjonstida skal bli ei fin tid for kvar einskild.

Då er det viktig at alle gjer sitt til at det skal lukkast, og vi har sett opp nokre **ordensreglar:**

- 1) **Møt presis** til alle samvær (helst nokre minutt før).
- 2) **Fråvær.** Har du god grunn til å vera borte frå eit samvær, må føresette be deg fri på førehand (andre fritidsaktivitetar er vanlegvis ikkje gyldig grunn, men i visse høve kan du møta på ei anna gruppe enn den du er sett opp på dersom de spør om det i god tid på førehand.) Er du borte frå undervisningssamvær p.g.a. sjukdom, må vi få melding om det til kyrkjekontoret seinast dagen etter. Må nokon ha fri frå ei av dei gudstenestene som alle skal vera med på (t.d. lysmessa), må vi få beskjed så lang tid på førehand at konfirmanten kan møta på ei tilsvarende gudsteneste i sokna.
- 3) **Ta med til kvart undervisningssamvær:** Bibel/NT, konfirmantbok og skrivesaker.
- 4) **Ro og orden.** I alle samvær skal det vera ro og orden som gjev høve til konsentrasjon og arbeid. Slik kan utbytte av samværa verta best mogeleg. Om nokon skaper uro i ein time, kan han/ho verte bortvist frå timen og må evt. møta til ekstrasitime. Foreldre/føresette vil verta informert.
- 5) **Det er ikkje tillate å bruka mobiltelefon i undervisningssamvær.**

Så ynskjer vi vel møtt og vonar det vert ei fin konfirmasjonstid med gode opplevingar!

Informasjon om innskriving, presentasjonsgudstenester, konfirmasjonsdagar m.m. på baksida!

Innskriving skjer i:

Uskedalen kyrkje tysdag 15. juni kl. 18.00.

Valen kyrkje onsdag 16. juni kl. 17.00 for dei frå Valen og Holmedal

Husnes kyrkje onsdag 16. juni kl. 18.15 for dei frå Husnes, Herøysundet og Sunde

På denne samlinga reknar me med at ein av foreldra/føresette vert med.

Ta med innmeldingsskjemaet!

Det vert ein kort informasjon og så leverer ein og ein skjemaet sitt og vert kryssa av på lista.

Kostnader:

Konfirmantane betalar ingen ting for undervisningsmateriellet.

Vi kjem tilbake til betaling for konfirmant-weekend og eventuelt andre ekstra-arrangement når det er aktuelt.

Bli kjent dag: For alle konfirmantane i Valen kyrkje laurdag 28. august kl. 11-14.

Presentasjonsgudstenestene vert i:

Husnes kyrkje søndag 29. august kl. 11.00 - for dei frå Husnes, Herøysundet og Sunde

Valen kyrkje søndag 05. september kl. 11.00

Uskedalen kyrkje søndag 12. september kl. 19.30

Holmedal kyrkje søndag 19. september kl. 11.00

Det er flott om de som foreldre/føresette er med på dei gudstenestene som konfirmanten deltek på i løpet av konfirmasjonstida.

Konfirmasjonane 2011 vert:

Holmedal kyrkje: Laurdag 30. april.

Husnes kyrkje: Søndag 08. mai for Sunde og Herøysund.

Valen kyrkje: Søndag 15. mai.

Husnes kyrkje: Søndag 22. mai for Husnes 1 og 2.

Uskedalen kyrkje: Søndag 22. mai.

Jan Ove Totland

sokneprest i Husnes og Holmedal sokn